



## Statens vegvesen

Alvsbyhus Norge AS  
Postboks 2008 Høyden  
1520 MOSS

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
16/160028-7

Dykkar referanse:

Vår dato:  
21.03.2017

### Byggjegrense – Dispensasjon – Fv. 565 – Gnr. 85 bnr. 40 – Radøy kommune

Vi viser til søknad av 24.11.2016. Vi viser også til tidlegare korrespondanse i saka.

#### **Vedtak**

Med heimel i veglova [§30](#) og [§34](#), gir vi dispensasjon frå byggjegrensa mot Fv. 565 for å oppføre bustad på gnr. 85 bnr. 40 i Radøy kommune.

#### **Vilkår for dispensasjonen**

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan, datert 23.02.2017.
2. Avstanden frå bustad (inkludert takutspring) til senterlina på Fv. 565 skal vere minst 22 meter. Planert areal skal opparbeidast i samsvar med situasjonsplan og avsluttast med skråning mot fv. 565.
3. Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging ut på offentleg veg. Siktkrav til eigedomens avkøyrsel må følgjast.
4. Bustaden må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygningen/innretninga ligg nær Fv. 565.
7. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

**Bakgrunn for vedtaket**

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Vi gav i 2010 avkøyrsløyve og i 2011 løyve til å føre opp bustad 22 meter frå vegmidte. Avkøyrsla vart bygd og godkjent, medan vedtak om dispensasjon frå byggjegrænse langs veg er forelda.

Det føreligg konkrete planar om å regulere vegstrekninga med fokus på å legge til rette for gang- og sykkelveg samt vegutbetring på strekninga. Oppstart av dette planarbeidet er venta hausten 2017. Det er viktig for oss at det skal vere tilstrekkeleg areal langs vegen for å gjennomføre planen, og vi vurderer at vegutbetringa vil legge føringar på bruken av tomta. Vi meiner difor at utbygging av omsøkte tomt i utgangspunktet bør samordnast med planarbeidet.

Søkjar har fått utarbeidd støyfagleg rapport som syner tiltak som skal dempe ulempa ved støy frå vegen. Eit av tiltaka som er foreslått er å planere tomt til kote 45,2 meter for å unngå overskridingar av tilrådde grenseverdiar. I revidert situasjonsplan er omsøkt støttemur mot fylkesvegen endra til skråning med tryggleiksgjerde på toppen. Slik vi tolkar ny situasjonsplan vert planert areal redusert i høve til opphaveleg plan.

I den nye situasjonsplanen er alle bygg på eigedomen flytta utanom 22 meter, og støttemuren er endra til skråning. Vi er opptatt av at det skal vere tilstrekkeleg areal til å gjennomføre vegprosjektet. Vi kan difor ikkje gje samtykke til garasje og bod før reguleringsplan for veg er godkjent. Desse bygga må omsøkast når det er aktuelt å byggje.

**Retten til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest 6863 Leikanger eller firmapost-vest@vegvesen.no som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

**Vedlegg**


Situasjonsplan 23.02.2017

Kopi

Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER


REV:	DATO:		KONTROLL:
B	23.02.17	Flyttet garasje - LH	Tom A
A	20.12.16	Komplettert - LH	Tom A

	<b>HUVEDKONTOR</b> STÅVERKSVÄGEN S-942 81 ÄLVSBYN TEL . 0929 - 162 00		KONTROLL: Tom A DATO: 04.10.16
	PROSJEKT: Enebolig ND 81R38 (VESLEFRIKK)		TEGN: Line H DATO: 20.09.16
BYGGHERRE:	Alexander Johannessen	BVA: 84,8+36+6 =136,8	G.NR: 85
BYGGEPLASS:	Radøyveien	BRA:	B.NR: 40
TEGNING:	Situasjonsplan	TOMT: ca 1070 m <sup>2</sup>	MÅL: 1:500
		PROSENT: 12.7%	REV:
		SAKSNR: 42491	

-  3M "FALL FRA HUS"
-  NYTT TILTAK BOLIG
-  GÅRDSPLASS
-  SKRÅTT TERRENG

Mål i parantes ( 00,00) er grunnmursmål



Eks.veg  
 må bygges om for å jevne ut høyde  
 forskjell mellom ny opparbeidet  
 gårdsplass

Fremtidig garasje seltes  
 opp av tiltakshaver.

Trinnfri adkomst  
 integreres i terrenget

BOD  
 Planert terreng  
 +45.2